



Petter Lingjerde  
Flatøyvegen 216  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2832 - 19/356

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:  
09.01.2019

## Godkjenning - gbnr 1/310 - Søknad om løyve tilbygg - Flatøy

### Administrativt vedtak. Saknr: 05/2019

**Tiltakshavar:** Petter Lingjerde  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Tiltakshavar, Petter Lingjerde, har ved søknad journalført motteke 19.12.2018 søkt om løyve til oppføring av tilbygg i form av entre/hagestue på 17,6 m<sup>2</sup> bebygd areal (BYA) og tilbygg i form av terrasse på 31,2 m<sup>2</sup>. Det er samstundes søkt om fasadeendring i form av skifte av rekkverk på eksisterande terrasse, på gbnr 1/310 i Meland kommune. Tiltaket inneber ikkje endringar i høve til eksisterande situasjon for veg-, vatn- og avlaup.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket har vore nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det har ikkje kome merknadar til tiltaket.

#### Plan – og lovgrunnlag:

Tilbygg og fasadeendring er tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a) og c) og er søknadspliktig etter § 20-2 utan krav om ansvarsrett jf. § 20-4 bokstav a) og e).

Gbnr. 1/310 er i Reguleringsplan for Flatøy sør/aust, idkode 125619971015, regulert til bustad og er bebygd med bustad. Dei omsøkte tiltaka er dermed i samsvar med gjeldande arealformål.

#### Plassering og høgde:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne plassering, medrekna høgdeplassering og byggverket si høgde.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Dei omsøkte tiltaka skal plasserat i direkte tilknytning til eksisterande bustad, og kan godkjennast som omsøkt, jf. pbl § 29-4 første ledd.

Grad av utnytting:

Dei omsøkte tiltaka er innanfor regulert grad av utnytting på inntil 25% BRA.

Visuelle kvalitetar:

Administrasjonen finn at dei omsøkte tiltaka stettar krava til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2.

**VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan – og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav a) og c), jf. § 20-2 jf. § 20-4 bokstav a) og e), løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande bustadhus, i form av entre/hagestue på 17,6 m<sup>2</sup> og terrasse på 31,2 m<sup>2</sup>, samt fasadeendring i form av skifte av rekkverk på eksisterande terrasse, på gbnr. 1/310 i samsvar med søknad med vedlegg.*

*Plassering og utføring av tiltaka skal vere som vist på situasjonskart og plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført 19.12.2018.*

*Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så fram det ikkje er gitt unntak.*

*Dei opplysingar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registerert for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9».*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**KLAGE:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. Forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vere grunngjeven.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/2832**

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar

Hanne Marie Evensen  
Juridisk rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart  
Teikningar

**Mottakarar:**

Petter Lingjerde

Flatøyvegen 216 5918

FREKHAUG